

2024–2025

Rullering av handlingsplanen

Saksopplysning: handlingsplan 2022 – 2025 vart vedteken av styret i Setesdal IPR 16. desember 2021 (PS 92/21).

Tiltak som skal gjennomførast for perioden 2024–2025, blei vedtøke av styret i Setesdal IPR 25. juni 2024. (PS 48/24).

Tiltaka skal samla bidra til å spisse dei tre strategiane for Setesdal IPR.



Setesdal interkommunalt
politisk råd

Marknadsføre og utvikle Setesdalsregionen som reiselivsdestinasjon

Strategien skal bidra til vekst i reiselivet i Setesdalsregionen gjennom heilårsturisme. Ei viktig målsetting er å skape fleire lønsame arbeidsplassar innan reiselivsnæringa. For å oppnå dette må ein arbeide vidare med å utvikle reiselivsrelatert infrastruktur.

Kva	Mål 2024/2025	Kostnad	Når	Kven	Viktig/ realistisk
Målretta merkevarebygging av Setesdal.	Reiselivsaktørar i regionen bruker Setesdal-emblemet, og bidreg aktivt til å byggje felles merkevare i forbindelse med kampanjar og marknadsføring i ulike kanalar.	Administrasjon (VS), Årleg samla budsjettpost i Setesdal IPR	Kontinuerleg	Setesdal IPR, Visit Setesdal	5/5
Felles marknadsføring av Setesdal.	Minst ein kampanje for å få utanlandske turistar til Setesdal, samt evaluere og måle effekt av denne type felles kampanjar.	Administrasjon (VS), Årleg samla budsjettpost i Setesdal IPR	Kontinuerleg	Visit Setesdal	5/5
Del av rv. 9 som nasjonal turistveg. Sjå ★ under.					
Forsterke og utvikle sykkelruter.	Midlar frå Agder fylkeskommune til å vidareutvikle sykkelruter, og vedtak om å vidareutvikle nasjonal sykkelrute 3 i regionen saman med Statens vegvesen.		Kontinuerleg	Setesdal IPR, Visit Setesdal, Statens vegvesen, AFK, MAF, Kommunane	
Synleggjere attraksjonar.	Fysisk: attraksjonar er godt skilta frå hovudveg og fram til attraksjon. Digitalt: attraksjonar synleggjerast vha moderne teknologi.	Administrasjon (VS), Årleg samla budsjettpost i Setesdal IPR og ev prosjekt-finansiering	Kontinuerleg	Visit Setesdal, Kommunane, Partnerbedrifter, Samarbeidspartnarar	5/5
Pakketering og organiserte turar	Invitere og motivere til samarbeid. Systematisk bruk av Visit Norway sitt treningsopplegg.	Administrasjon (VS)	2025	Visit Setesdal, Partnerbedrifter, Samarbeidspartnarar	5/4
Byggje fortellingar rundt kultur- og naturattraksjonar	Kommunikasjonsstrategi med basis i særtrekk -immateriell og materiell kulturarv.	Administrasjon (VS), Årleg samla budsjettpost i Setesdal IPR	Kontinuerleg	Visit Setesdal, Kommunane, Partnerbedrifter, Samarbeidspartnarar	5/5

Vidareutvikle Setesdalsregionen som ein kompetanseregion

Denne strategien handlar om å gje eit tilbod om kortare og lenger kurs og utdanning i regionen innanfor kompetansebehov som arbeidslivet i Setesdal etterspør. Den handlar vidare om å sette på agendaen kompetansebehov som er avgjerande for framtida sitt arbeidsliv i Setesdal.

Kva	Mål 2024/2025	Kostnad	Når	Kven	Viktig/ realistisk
Sikre og vidareutvikle dei lokale utdanningstilboda	Engasjement og framsnakk kring tilbodsstruktur, investeringar samt rekruttering.	Administrasjonen	Kontinuerleg	Politisk leiing, Setesdal IPR, Kommunane, AFK	5/5
Rekruttering	Aktiv deltaking på rekrutteringsmesser og karrieredagar via eks UiA. Tilstedeværelse frå kommunane, på tilbodsiden til studentane frå f.eks UiA.)	Administrasjonen Midlar avsett til kompetanse	Kontinuerleg	Setesdal IPR, Kommunane	5/5
Skape engasjement om yrkesfagleg studieløp.	Informasjonstiltak om mogelegheitene for yrkesfagleg utdanning og om arbeidsmogelegheter i regionen.	Administrasjonen Midlar avsett til kompetanse	2025	Setesdal IPR, AFK, Andre samarbeids-partnarar	4/5
Kartlegge og kople kompetansebehov med eksterne tilbydarar.	Kompetansekoplar mellom privat næringsliv, Karriere Agder og andre samarbeidspartnarar.	Administrasjonen Midlar avsett til kompetanse	Kontinuerleg	Setesdal IPR, AFK, Karriere Agder, Næringsforum og næringslag	5/5
Gje tilbod om fleksibelt og distriktsvennleg utdanning lokalt innanfor prioriterte område.	Starte opp minst eit fleksibelt og distriktsvennleg utdanningstilbod med eit universitet, fagskule eller ein høgskule som samarbeidspartnar.	Administrasjonen Midlar avsett til kompetanse	2024 2025	Setesdal IPR, Agder fk, v/ Setesdal vgs, UiA, Fagskulen i Agder	5/5
** Ny kunnskap	Kople verksemder og studentar saman gjennom praksis og/eller oppgåver (master/bachelor) som er fagleg relevant for alle partar, og der målet er ny kunnskap.	Administrasjonen	2024 2025	Setesdal IPR, Kommunane, UiA	5/3

Utvikle attraktive og livskraftige bygder

Strategien skal bidra til at fleire bur og har sitt virke i regionen. I regionen er det ei målsetting om folketalsvekst i alle dei fem kommunane som utgjer Setesdalsregionen. Dette er avgjerande både for å sikre arbeidsplassar og busetting i etablerte næringar, og for å tiltrekke seg nye næringar som bygger på verdi- og ressursgrunnlaget i regionen. Setesdalsregionen skal vere ein region som marknadsfører det gode livet på bygda og fremjar berekraftige bu- og stadkvalitetar.

Kva	Mål 2024/2025	Kostnad	Når	Kven	Viktig/ realistisk
Marknadsføre det gode livet på bygda	a) Marknadsførings-kampanje b) Taktisk er det eit kontinuerleg arbeid som handlar om tilstedeværelse og å nytte moglegheiter som dukkar opp	Må avklarast Administrasjon	2025 Kontinuerleg	Setesdal IPR, Politisk og administrativ leiing i Setesdal IPR, Kommunane	5/5 5/5
Forprosjekt. Trainee Setesdal	Utgreie moglegheiter, kontakt med akademiske miljø, andre regionar osv. Avklare finansieringsbehov osv.	Kr 50 000,- Administrasjon	2025	Setesdal IPR, Kommunane	5/5
Ungdomsråda	Fasilitere møter tre gonger i året med koordinatorane Eit felles arrangement for råda.	Kr 150 000,- pr år Administrasjon	2024 og 2025	Ungdomsråda, Koordinatorane i kommunane, Politisk leiing i Setesdal IPR, Administrasjon Setesdal IPR	5/5
Betydeleg utbetring av fv. 42 og fv. 45.	Reforhandle konsesjonskraftavtale. Fast punkt i ordførarmøte. Arbeide saman med AFK og Listerrådet.	Administrasjon	Kontinuerleg	Politisk leiing, Lokalt forhandlingsutval konsesjonskraftavtale	5/?
★ Del av Rv9 som nasjonal turistveg	Politisk arbeid.	Tid, politisk kapital, vere klar for ekstra løyving viss politisk mogleg	Kontinuerleg	Politisk leiing, Politisk samarbeid på Agder/AFK/SVV, Agderbenken, Storting	5/?
Auka tilgjenge til kollektivtransport for dei som ikkje har andre alternativ.	Politisk arbeid		Kontinuerleg	Politisk leiing i Setesdal IPR AFK, Administrasjonar	
Bidra til at det byggjast ut ein stabil og robust digital infrastruktur som tek vare på befolkninga sitt behov og sikkerheit (breiband, 5G, mobilnett, naudnett mm.)	Prosjekt robuste ekomnett inn og ut av Setesdal	Spleiselag AFK, Iveland kommune og Setesdal IPR	2024	Prosjekt er etablert	
★★ Ny kunnskap (sjå ** over)	Kople verksemder og studentar saman gjennom praksis og/eller oppgåver (master/bachelor) som er fagleg relevant for alle partar, og der målet er ny kunnskap.				



Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR)
Besøksadresse: Kommunehuset i Valle
Postadresse: Postboks 4, 4746 Valle

Telefon: 37 93 75 00
E-post: post@setesdal.no
Internett: www.setesdal.no



Setesdal interkommunalt
politisk råd